

# Sluttrapport for pilotprosjekt, bulyst for ungdom – Malakoff Rockfestival

## INNLEIING

Grunnideen bak pilotsatsinga er å utvikle nye måtar å påverke ungdomen til å busette seg i distrikta. Der ein viser at ein kan gje eit minst like godt tilbod innan viktige kulturinntrykk som i langt meir urbane strok. Ein kan til og med presentere opplegg som gjer totalopplevinga kanskje betre her på landsbygda. Vi i Malakoff Rockfestival trur at vi viser veg for ungdomen, at det er muleg å få til noko storslått og engasjemangsskapande utanfor byane og. Gjennom frisk satsing og fokus på kvalitet så kan ein lage eit produkt som er identitetsbyggande og ein viktig faktor for at ungdomen føler tilknytning til distrikta.



## INNHALD

- Festivalen si utvikling gjennom prosjektet
- Vurdering av oppnådde mål
  - Utvikle festivalen som arena og møteplass heile året
  - Styrke kvaliteten gjennom satsing på større nasjonale og internasjonale artistar
  - Utvikle entreprenørskapssatsinga i samband med Malakoff Rockfestival og andre kultursatsingar i kommunen gjennom samarbeid mellom fylkeskommunen og Eid kommune
  - Mobilisere ungdom og andre grupper lokalt og regionalt slik at det blir breitt eigarskap til festivalen
  - Arbeide for å gjere Malakoff Rockfestival til Noregs beste konsertarrangør innan 2009
- Vurdering av metodikken som er nytta
- Vurdering om og på kva måte prosjektet kan ha overføringsverdi til andre

## FESTIVALEN SI UTVIKLING GJENNOM PROSJEKTET

Det er ikkje alle aktivitetane som festivalen har som formelt er ført i pilotrekneskapen, men dei høyrer heilt klart til i rapporten. Dei har blitt tatt med i dragsuget av gode idear/tiltak, og vi har ikkje heilt tenkt der og då kva som er festivaljobbing og kva som er pilotprosjekt-arbeid. Dette er kanskje nøkkelen til kvifor vi meiner at vi har lykkast med målsetningane for prosjektet. Ei heilskapeleg tenking som har som hensikt å vidareutvikle ein organisasjon som tek samfunnsansvar og som vil bidra til ei positiv utvikling i det samfunnet den er i. Og som er seg sjølv bevist den rolla og brukar den til noko positivt. Dette har vi heilt klart gjort – det trur vi ein vil sjå i den vidare framstillinga.

Det er naturleg å sjå litt på utviklinga av festivalen etter at vi kom med i pilotsatsinga. Dette for å sjå kva frukter arbeidet har gjeve for Malakoff Rockfestival. Og som har ført oss fram mot ein posisjon der ein har mykje større påverknadskraft enn før prosjektstarten.

Publikumsutvikling for Malakoff Rockfestival:

- 2003: 450 tilskodarar
- 2004: 1000 tilskodarar
- 2005: 1500 tilskodarar
- 2006: 2000 tilskodarar
- 2007: 4000 tilskodarar
- 2008: 8000 tilskodarar
- 2009: 10000 tilskodarar

I tillegg til den formidable auka frå 2007 og utover så ser ein og at publikummet er meir spreidd på alder og geografisk tilknytning. Etter satsinga på nokre få artistar kvart år som har litt breiare appell samt ei spissing av resten av artistane i rockesjangeren så har vi greidd å skilje oss ut i festivaljungelen og på den måten nådd ut til fleire. Ein vert og interessant for fleire.

Etter at vi gjekk inn i pilotsatsinga så har festivalen hatt ei dobling i kvantitet men like mykje kvalitet. Talet på besøkande er ein mål på at folk set pris på produktet, men minst like viktig er den kjensla som tilskodarane har når dei har vore på festivalen. Vi har eit ekstremt lite marknadsføringsbudsjett, og satsar heller på å skape ein så god oppleving for publikum at dei ikkje klarer å la vere å kome til neste år. Slike personar er fabelaktige ambassadørar for festivalen, og tek med seg venar og kjente året etterpå. Satsinga på ekstra vakthald, ekstra stor toalettkapasitet, stor kapasitet ved salsboder osv er viktig for at alle skal føle seg vel på festivalen. Vi skal vere trivselsfestivalen framføre alle andre.

Den eventyrlege utviklinga som ein har hatt dei siste åra skyldast nok fleire ting. Men vi i festivalleiinga er overtydd om at den satsinga som ein har fått mulegheit til å gjere gjennom pilotprosjektet er kanskje den viktigaste utviklingsfaktoren. At festivalen er ein viktig kulturgenerator i lokalsamfunnet er essensiell for den identiteten som folk kjenner til festivalen. Folk ser at ein er ein viktig aktør og pådrivar for opplevingar og opplæring blant barn og unge samtidig som den har noko å tilby dei meir vaksne. Festivalen knyter band blant familiar, og får folk heimatt for å overnatte i hagen til

vener og kjende. Ungdomar møter kvarandre den helga pga at då er alle heime på same tid. Dette skaper ei kjensla av å tilhøyre noko spesielt, noko som ein kanskje har lyst til å ta del i, noko som ein kan tenkje seg å flytte tilbake til.

## MÅL OG GJENNOMFØRTE TILTAK

Heit til venstre ser ein kva summar ein har brukt til kvar av målsetningane. Vi har følgd det oppsette budsjettet frå KRD, med nokre få endringar undervegs.

Rocksceneprosjektet har kome inn i prosjektet etter prosjektstarten, men er avklart både med fylkeskommunen og KRD.

<u>Utvikle festivalen som arena og møteplass heile året</u>	<u>360.000</u>
• Rockscena	250.000
• Ungdomsklubb	
• Øvingslokale	
• Lydstudio	
• Danseverkstad	
• Diverse ungdomsaktivitetar	
• Opplæring	
• Administrasjon	50.000
• Honorar diverse bistand	
1. Diverse arkitektbistand	60.000
• UKM	
• Arr fylkesmønstring	
• Utvida UKM samarbeid	

Ei beskriving av Rocksceneprosjektet ligg vedlagt rapporten. Når det gjeld disponeringa av pengane i denne posten så er den avtalt med fylkeskommunen i tidlegare møter, og det ligg føre godkjenning på at ein fekk satse på rocksceneprosjektet. Dette er eit prosjekt som har ei kostnadsramme på 4.5 mill kr. Rockscena skal stå ferdig i april 2010 og skal brukast fyrste gong under UKM fylkesmønstringa i Sogn og fjordane. Vi har utruleg store forventingar til dette bygget, og vil vere ein av garantiane for varig effekt av pilotprosjektet. Her vil ein ha både ein uformell arena som ungdomsklubb osv, men og samtidig meir formelle opplærings situasjonar som gitarkurs osv. Malakoff Rockfestival vil leige inn gitarlærarar som skal gje ei opplæring til dei ungdomane som står på venteliste til kulturskulen. Det er mange som ventar i spenning på eit slikt tilbud, og det er slike tiltak som aukar engasjemanget for festivalen. Ein er ein samfunnsaktør som har plass til alle og som og gjev opplæring til dei som ynskjer det. Og dei er det mange av! Hadde det ikkje vore for pilotsatsinga så hadde ein truleg ikkje fått til ei slik storsatsing på ungdomen. Det som er utfordringa er å fylle huset med yrande aktivitet - men det skal vi klare.

<u>Styrke kvaliteten gjennom satsing på større nasjonale og internasjonale artistar</u>	<u>100.000</u>
○ Avtale med Mentometer Bookingbyrå	10.000
○ Styrke kvaliteten i mottaksapparatet	
○ Betre avtaler med artistar	20.000
○ Tilgang til det internasjonale markedet	
○ Festivalsjefen kjøpt fri frå ordinær jobb for å gjere bookingarbeidet, samt knytte kontakt med bransjen	70.000

For å lykkast på dette området, så er det heilt naudsynt å knytte kontakt med profesjonelle aktørar som kan vere mentorar i slike prosessar. Vi har eit formelt samarbeid med Mentometer Bookingbyrå som hjelper oss i bookingprosessen, og særskilt med å få kontakt med artistar utanfor landegrensene. Men før ein kjem så langt så må ein ha eit system som kan ta imot større artistar( overnatting, service, transport, scene osv). Tilbakemeldingane er ,at gjennom den prosessen vi har vore gjennom, er klar til å ta imot slike artistar. For å administrere dette arbeidet så har vi kjøpt fri festivalsjefen for å kunne utføre dette arbeidet på dagtid. Når ein ser på programmet for dei ulike åra, så ser ein ei markant kvalitetsskilnad dei siste tre åra. Ein har ikkje brukt så mykje meir pengar, heller at det er nettverksbygginga og omdømmebygginga som gjer at vi kan få tak i slike artistar. Prosessen har ført oss ut av landet, og programmet i 2010 vil syne ei betydeleg internasjonalisering av programmet. Dette takka vere mulegheita som ein har fått til å jobbe aktivt med merkevarebygging i mot management og artistar i rockesjangeren.

[Utvikle entreprenørskapssatsinga i samband med Malakoff Rockfestival og andre kultursatsingar i kommunen gjennom samarbeid mellom fylkeskommunen og Eid kommune](#)

250.000

- Vakn-prosjektet
  - Påsketreff – treff mellom ungdom og næringslivet
  - Diverse møter
  - Voluntørveiledning
  - Administrasjon
- 250.000

Dette er utan tvil det mest utfordrande delområdet og det området som krev mest tid og ressursar. Ny organisering av den vidaregåande skulen gjennom kunnskapsløftet har vore ei utfordring for oss. Men etter mange interne diskusjonsrundar så beslutta vi å satse meir på kvalitet enn på kvantitet. Dvs å gje betre oppfølging til færre elevar enn å ha fleire elevar enn ein kan gje ordentleg opplæring til. Meir konkret retta verksemd på dei elevane som er med å starte elevbedrift.

Malakoff Rockfestival har fokus på ungdomsengasjement og samarbeider med Eid vidaregåande skule og ungdomsbedrifter og tilrettelegg for skuleprosjekt. Skuleåret 0809 hadde "Rockefår ub" ( elevar frå mediekunnskap) laga avtale med Nordfjord Kjøtt som produserte ein spesiell Rockeburger til Malakoff Rockfestival. "Rockefår ub" har også produserte ein reklamefilm for festivalen. I tillegg til dette fekk festivalen 37 utkast frå elevar på Design og Handverk til festivalplakat. Ein ide vart plukka ut og vart årets plakat, og dei andre framlegga vart stilt ut saman med barnehagekunst frå alle barnehagane i Eid kommune på festivalområdet. Rockemaskoten vår, kua Ågot er laga av elevar på Interiør og Utstilling.



*Rockemaskotten vår Ágot – med tre glade festivaldeltakarar.*

Sogn og Fjordane Fylkeskommune samarbeider med EU på bruk av volontørar. For volontørar i Eid kommune er Malakoff Rockfestival ein viktig nettverksskapar. På Eid har dei base på Frivilligsentralen og tar på seg mange oppgåver for festivalen alt etter kva utdanning/interesse volontøren har. I løpet av første kvartal 2008 slutførte den franske volontøren Cyrille arbeidet med ein Malakoff Rockfestival promoteringsfilm. Cyrille er utdanna filmanimatør og samarbeider/ lærer opp elevar ved Eid Vidaregåande Skule som arbeider med Malakoff Rockfestival. Dette er gull verdt for begge partar – ungdom lærer om filmredigering og volontøren vert engasjert i lokale ungdomsprosjekt.

Hausten 2007 hadde ein det fyrste Påsketreffet på Eid. Dette er eit arr som har som hovudmål å samle flest mulege bedrifter i regionen på ein plass, der bedriftene får marknadsført seg overfor mulege framtidige arbeidstakarar. Ungdom som vurderer å flytte tilbake melder seg på – og ein opprettar kontakt osv. I 2007 var det 50 stk som kom til dette treffet. I 2008 hadde ein satsa litt større med meir program( innlegg, debatt og rockekonsert). Over 200 møtte fram. Og tilbakemeldingane frå både næringsliv og ungdomane er utelukkande positiv. Malakoff har vore med som medarrangør med hovudvekt på det arrangemangstekniske, men vi har og slepp av programmet vår der. Dette fengar både deltakarane og media slik at det vert ei flott markering av vårt programslepp. Dette vert vidareført i 2010.

[Mobilisere ungdom og andre grupper lokalt og regionalt slik at det blir breitt eigarskap til festivalen](#)

	<u>120.000</u>
○ Battle of Bands	20.000
○ UKM	
○ Barnehagekunst	
○ Samling av ungdomsråda i Nordfjord	100.000
▪ Tink Tank	
▪ Konsert på kvelden med Skambankt	

I 2007 og 2008 hadde vi ein bandkonkurrans som heiter Battle of Bands som går ut på å gje ekstra unge band mulegheita til å spele på festivalen. Dei var gjennom fleire konsertar der vi til slutt plukka ut 2 band kvart år som fekk spele på den store konsertscena. Enkeltkonsertane gjennom heile året var eit kjært tilbod til dei alle yngste, og vi ser at dette er tiltak som motiverar ekstra. Konsertlokale var både i det lokale samfunnshuset og utekonsert i Eid sentrum. Den aller størst belønninga er å få spele for eit mykje større publikum enn dei vanlegvis gjer. Konseptet vidareførte vi i 2009 men då hadde vi ein eit samarbeid med UKM, der vi plukka ut to band frå fylkesmønstringa. Dette har vore veldig vellykka, og vil vidareføre dette i åra framover.

Samarbeidet med UKM starta som sagt i 2009, og vert vidareført i 2010 ved at festivalen står som teknisk arrangør for fylkesmønstringa i april 2010. Her vil ein nytte seg av det nye Operahuset Nordfjord samt den nye Rockscena som står ferdig i mars 2010. Dette vil verte eit løft både for UKM og for festivalen.

Før årets festival så utfordra vi alle barnehagane i kommuna om å teikne sin "festivalsommar". Vi kjøpte inn utstyret og fekk tak i kunstnar som gav rettleiing i arbeidsprosessen. Vi fekk inn 50 stk med store teikna kunstverk som vi hengde opp på festivalområdet. De kan tru det var mange ungar som var stolt av å sjå sitt arbeid pryde veggane på festivalen. Dette er viktig arbeid som knyter band til festivalen alt i ung alder.

Hausten 2007 – 16 og 17 september arrangerte ein "charette-/tenkeweekend" der ein analyserte og hadde idédugnad for Rockescena. Vi fekk mange gode innspel, samt fekk kontakt med viktige ungdomar i regionen. Som ei vidareføring av dette så hadde vi same haust – 1 desember- ei samling for alle ungdomsråda i Nordfjord. Her hadde vi opp ulike tema til diskusjon m. a "Frivillig arbeid". Vi hadde innleidd føredragshaldar frå Norsk Rockforbund. På kvelden vart det arr konsert med gruppa Skambankt.

Engasjemanget for festivalen i regionen er aukande, men vi har endå meir å gå på når det gjeld dette momentet. Her kunne vi vore endå meir utadretta i arbeidet vårt. Dette har vi tatt konsekvensen av i 2010, og har dette som satsingsområde i år. Her kjem eit eksempel på vår utadretta verksemd, samt at det er viktig å starte musikkinteressa tidlegast muleg:

## **MINIROCK I LANGHAUGEN BARNEHAGE**

Med stor suksess vart det onsdag 1. oktober 2008 arrangert Mini-Malakoff Rockfestival i Langhaugen Barnehage.

Barna og tilsette i barnehagen har siste tida øvd på rockesongar og spelt på luftgitarar, og endeleg kom dagen då dei fekk vere oppvarmingsband for dei ordentlege rockarane Sim(e)on som består av Simeon Mavropoulos og Simon Pavelich. Langhaugen barnehage har kunst, kultur og kreativitet som satsingsområde, og det var derfor veldig kjekt at Malakoff Rockfestival kunne få vere med personalet i Langhaugen barnehage å arrangere rockekonsert på barna sin heimearena.

Rockekua Ågot var sjølvsgt tilstades, og var svært populær blant smårockarane og når festivalsjef Arnt-Ivar Naustdal opna konserten, viste alle namnet på den etterkvart

berømte kua. Dagen før konserten hadde ungane sjølv henta Ågot på Eid vidaregåande skule, og leida ho på plass i barnehagen. Rockekua Ågot vart i skuleåret 2007/2008 laga av elevane på Interiør- og utstillingsdesign. Ågot er tålmodig, og tåler både melking og vekta av små og store rockarar.

Malakoff Rockfestival er veldig glad for at engasjementet rundt rockemusikken startar allereie i barnehagen, og gler seg til å treffe dei unge rockarane igjen enten som publikum på Malakoff Rockfestival, som frivillige i arbeidet med arrangement i regi av Malakoff Rockfestival, som musikarar eller som flittige brukarar av skule- og kulturanlegget på Mel. Etter at biblioteket flyttar ut av den gamle gymsalen, håper vi å starte med bygging av rockscene. Rockscena vil bli øvingslokale for unge musikarar, konsertlokale og ungdomsklubb.

Så når leiken i sandkassa tok seg opp etter konserten, håper både arrangørgjengen i Malakoff Rockfestival og den flotte rockestaben i Langhaugen barnehage at konserten blir huska som ei positiv og hyggelig stund. Fleire bilder frå konserten fin du under Galleri og på Bildeglimt på Fjordabladet si nettside [www.fjordabladet.no](http://www.fjordabladet.no) og [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no)



Rockepersonell: Glade frivillige poserar gjerne.



Rockekua Ågot var bringa på plass

#### [Arbeide for å gjere Malakoff Rockfestival til Noregs beste konsertarrangør innan 2009](#)

- |                                 |                |
|---------------------------------|----------------|
| ○ Bookingnettverk               | <u>180.000</u> |
| ○ Heilårsdrift                  |                |
| ○ UKM                           |                |
| ○ Vaktorganisering              |                |
| 10.000                          |                |
| ○ Ungdomsengasjemang            |                |
| ○ Fleire scener                 |                |
| ○ Auke kompetanse               |                |
| ○ Fjøsrock                      | 20.000         |
| ○ Kulturbasert næringsutvikling |                |
| ○ Administrasjon:               | 150.000        |
| ▪ Festivalcamp                  |                |
| ▪ Festivalutveksling            |                |

Dette er eit veldig ambisiøst mål, men tross dette så føler vi at vi er god veg mot målet. Men det avheng av kva som definerer kva som er eit godt arrangement. Tilbakemeldingane frå artistar, teknisk crew, utstyrsleverandørar, publikum og presse har vore overveldande dei siste to åra. Alt har gått som planlagt, og vi har fått spesielt skryt for dei momenta som vi har satsa ekstra på; vakthald, teknisk produksjon, fasilitetar på området og landsbygdas sjarm. Vi har blitt utfordra på andre typar arr som t.d fjøsrocken, og her har tilbakemeldingane vore dei alle beste. Så vi er budd på det meste.

6.Juli 2008 er ein merkedag i Eid Kommune. Då arrangerte Malakoff Rockfestival i lag med 5 samdriftsbønder på Haugen Fjøsrock. Arr var i den nye samdriftsbygninga på Haugen. Vi synest at eit slikt stort flott lokale måtte nyttast til noko føre ein hadde inn buskapen. Så ved påsketider beslutta vi at vi skal ha Age Aleksandersen til å spele her. Det fekk vi til – 1200 betalte seg inn: Vi kunne sikkert solgt det 4 dobbelte, men det var det vi fekk plass til . Det vart eit heidundrande arr som mange vil hugse resten av livet Det viktigaste Malakoff Rockfestival kan bidra til, er at unge menneske får tru på seg sjølv og betydinga av seg sjølv som enkeltmenneske. Med rett innstilling, kreativitet, god haldning og motivasjon kan ein klare det ynskjelege på utrulege måtar. Sjøelve gleda ved å samarbeide med bra folk og drive prosjekt over alle moglege hindringar, er også noko som skal vere hovudkompetansen til Malakoff-medarbeidarar. Kursing og teori er viktig, men først og fremst lærer medarbeidarar i Malakoff Rockfestival gjennom å prøve seg fram og lære gjennom feiling og suksess

Skal ein nå dette målet , så må ein ha eit godt overnattingstilbod til deltakarane våre. Og når ein bur i ei lita kommune med 5000 innbyggjarar og to hotell med plass til ca 500 stk så er overnatting ei utfordring. Vi hadde fram til 2007 ikkje festivalcamp. Men i 2007 hadde vi camp med plass til 400 stk. Dette gjentok seg året etter medan i 2009 hadde vi 2500 overnattande på festivalcampen. Dette gjekk veldig fint føre seg, men det er klart at campen er ei potensiell kjelde til bråk og uønska aktivitet dersom ein ikkje tek dette på alvor. Den lokale fotballgruppa har drifta campen i samråd med festivalen, og har gjort ein flott jobb. Som tidlegare nemt så har denne drifta gjeve eit solid overskot til dei. Men vi må vidareutvikle festivalcampen slik at den står i stil med resten av festivalområdet, og vert like trygg og god som vu ynskjer at den skal vere.

Vi sender våre ungdomar på rockefestivalar rundt omkring i heile landet. Dette er som studieturar å reikne, og vi mottek på same måte representantar frå andre festivalar. Dette samarbeidet er veldig fruktbart og ein ser kva andre er god på. Dette er vidare med på å sette standaren får vår drift.

## VURDERING AV METODIKKEN SOM ER NYTTA

Vi har satsa mykje på intern veiledning av ungdomar. Der personleg oppfølginga av kvar enkelt av dei tek mykje tid, og er krevjande arbeid. Mykje arbeidet kan ein få gjort mykje fortare sjølv, men det er viktig å ta med ungdomen så mykje ein kan. Dette er ei viktig investering for framtida og viktig for engasjemanget for festivalen. Det er og viktig at dei har fått vore med på noko meiningsfylt og har lært noko. Utfordringa vår har vore å engasjere dei gjennom heile året. Når det nærmar seg festivaltid på sommaren så er alle klar for innsats. Det som har vore krevjande er å få kontinuitet i arbeidet. Dette mykje



grunna mangel på samlingsplass for ungdomen . Dette løyser seg sjølvsagt når vi har Rockscena på plass.

Vi har satsa på diverse samlingar i helgane. Dette har vore lærerikt og fruktbart. Men vi ser vel at ein kunne vore endå flinkare til dette, samt vore endå meir pågåande med oppfølginga i etterkant.

Gjennom valet å bruke ein del av pengane til administrasjon så har ein oppnådd følgjande fordelar. Vi har hatt tid til å få til ei annbudsordning på festivalområdet. Her kan alle typar frivillige lag og organisasjonar melde seg på. Då får dei utdelt ei oppgåve som festivalen treng hjelp til. Dei frivillige personane jobbar dugnad for sitt lag, der laget får utbetalt pengar for jobben. Dei same arbeidarane må betale seg inn på festivalen dersom dei vil delta. Dette gjer at laget får pengar, vi får utført jobben samt at vi får betalende publikum. I tillegg til dette så ser folk at festivalen engasjerer seg i lokalsamfunnet og gjev andre organisasjonar mulegheit til å tene på festivalen. Dette utvidar engasjemanget og interessa. Samtidig som dei personane som er med får eit sterkare band til festivalen på to måtar. Dette har vore ein stor suksess for oss. Når det er det største breddetilbudet som driv festivalcampen vår, og dei får eit overskot på drifta på 300.000 kr i 2009, så gjer det noko med kjensla til festivalen. Pengane vert investert i barn og unge sitt tilbod i kommuna. Dette set folk utruleg pris på, og festivalen befestar si rolle som ein viktig samfunnsaktør. Men det krev at vi har personar som kan administrere dette. Men vi synest absolutt at satsinga har vore vellykka for vår del

## HAR PROSJEKTET OVERFØRINGSVERDI TIL ANDRE, EVT PÅ KVA MÅTE?

Svaret på dette meiner vi er ja. Mange av delmålsetningane har vi slik vi vurderer det oppnådd eller er på god vei mot. Men det som er hovudmålsetninga med prosjektet er: å skape positive aktivitetar på ein liten plass som kan stimulere til auka engasjement og vere ein pådrivar for tilbakeflytting og busetting på landsbygda. Dette meiner vi at vi så absolutt har utvikla oss til bli i løpet av pilotsatsinga. Slik sett er dette vel anvende pengar. Vi trur at det er liknande arrangement rundt omkring i landet som kan fungere på same måte som det vi har gjort. Dette grunna:

- Festivalen er berre eit middel for å nå målet. Det kan like gjerne vere andre typar arrangement. Men det er viktig å ha ein liknande driftsstrategi og grunntanke som den som Malakoff har. Prosjektet må og ha den eigenskapen at det engasjerer det breie laget i samfunnet.
- Identitetsbygging. Det er viktig å ha noko å samle seg om, det å høyre til noko som er større enn seg sjølv. Dette skapar relasjonar til andre - noko som er eit grunnleggande menneskeleg behov.
- Det er ikkje sjølv aktiviteten som nødvendigvis er det viktigaste men det som vi kan få til i lag. Malakoff er eit godt eksempel på dette, men det kan like godt vere eit anna liknande prosjekt.
- Det er den enorme tilfredstilelsen av å få til noko flott på ein liten plass som er sjølv drivkrafta. Det å kunne lage til eit kulturtilbod, som går langt utover det som ein kunne forvente på ein liten plass, er utruleg kult.
- Uansett kva tiltak ein nyttar så er det viktig å ha fokus på dugnadsarbeiderane. Det er dei som er føresetnaden for at du kan ha slike arr

på små plassar. Det er dugnadsånda og tanken på at saman kan ein få til mykje som er forlokkande på dei som vurderer å busette seg her. Det er eit signa om at her kan ein få til kva som helst. Det er ingen hindringar så lenge ein saman set seg store mål og står saman om å nå det målet – Ein slik plass ville underteikna slå seg ned på, og har ikkje angra ein dag på det valet. Og belønninga er slike ansiktsuttrykk:



mvh Malakoff Rockfestival:

Festivalsjef Arnt-Ivar Naustdal